




# BYROMSSTRATEGI

## LEIRVIK SENTRUM

**QBO**  
PLAN &  
ARKITEKTUR



## Byromsstrategi for Leirvik sentrum

Framlegg til byromsstrategi for området Torget- Borggarden - Sunnhordladskaiaen i Leirvik sentrum er utarbeida av ABO Plan og Arkitektur Stord på vegne av og i samarbeid med ei arbeidsgruppe samansett av folkevalde og representantar frå kommunale råd, næringsdrivande og frivillige organisasjonar.

Strategien legg til grunn innhaldet i mogleikstudien Veni-Vidi-Vikjo, innspelsrapport frå utført nærmiljørprosjekt, relevante innspel til kommuneplanarbeidet og erfaringar frå prosessen med å etablere aktivitetsområde i Borggarden.

Det er teke omsyn til kjente pågåande og planlagde prosjekt for arealbruk i sentrum, samt laga ei oversikt over rekkefølge og føresetnader for gjennomføring av byromsstrategien innafor arealet til dei tre dels samanknytte byromma.

## PROSJEKTGRUPPE ABO Plan & Arkitektur

### **Karoline Eldøy**

Arealplanleggjar / Dagleg leiar  
avd. Stord

### **Hedvig Steinsvåg Hansen, Oppdragsleiar**

Arkitekt MNAL  
avd. Stord

### **Nils Eivind Horneland**

Arkitekt MNAL  
avd. Stord

### **Håkon Iversen**

Markeds- og Utviklingssjef  
avd. Os

### **Katarzyna Kaczorowska**

Landskapsarkitekt  
avd. Stord



## Byromsstrategi hovudmål

Hensikta med planen er å ivareta brukarane sine interesser, ynsker og aktivitetar i byromma gjennom gode og heilskaplege løysingar.

## Delmål

- Knyte saman Torget og Borggarden til eitt byrom, med eit felles gatetun der Borggata og Torgbakken møtast. Det er og ei målssetting å styrke koplinga mellom kaien og Torget/Borggarden, samt resten av havnefronten i sentrum.
- Leggje til rette for trygge og trivelege møte- og sitteplassar rundt om i byromma, sentralt plassert i tilknytning til spanande og varierte aktivitetar.
- Leggje til rette for og styrke torghandel
- Byromma og møteplassane skal vere tilgjengeleg for alle og vere i samsvar med krava for universell utforming. Byromma skal utgjere ei trygg ramme for dei mjuke trafikantane med mindre trafikal belastning enn dagens situasjon.
- Tilkomst for varelevering og køyring til midlertidige p-plassar i området Borggata, kan oppretthaldast ved køyring over felles gatetun med «shared space»-prinsippet, på dei mjuke trafikantane sine premiss.

## Føresetnader for arbeidet

- Bussterminalen skal flyttast frå kaien til Bandadalsparken/Ritlandeigedomen
- Etablering av ny miljøgate gjennom sentrum
- Bandadalsparken skal erstattast med ny park på kaien
- Torgbakken vert stengt for trafikk ved Hagerupshuset
- Borggarden og torget skal utformast og knytast saman



## **MATERIALITET OG DESIGN**

GJENBRUK

MATERIALBRUK

FARGEPALETT

GRØNE STRUKTURAR

LYSSETTING

## **MOBILITET**

TRAFIKKREGULERING

PARKERING

SYKKEL

MJUKE TRAFIKANTAR

GATETUN

TEKNOLOGI

KOLLEKTIV

## **MØTEPLASSAR**

SITTEPLASSAR

AKTIVITETAR

ARRANGEMENT

TORGET OG BORGGARDEN

KAIEN KAIFRONTEN

# MATERIALITET OG DESIGN

GJENBRUK AV MØBLERINGSELEMENT,  
OVERFLATEBELEGG OG PLANTER

SAMANHENGANDE FORMSPRÅK

GRØNE STRUKTURAR

AKTIV LYSSETTING


MATERIAL- OG FARGEPALETT

## Gjenbruk og sirkulærøkonomi

Det er viktig å bygge vidare på dei gode kvalitetane som allereie finnest i byen. Gjenbruk av møbleringselement, bygolv og grønne strukturar som hovudstrategi er miljømessig og økonomisk berekraftig. Det er gjennomført ei enkel kartlegging av faste og lause møbleringselement som mellom anna bord, benkar og blomsterurner i dagens situasjon i sentrumsbyromma. Det vert foreslått at ein stor del av desse elementa vert omorganisert og sett saman på nye måtar og eventuelt får nye bruksområder i byromsstrategien sitt forslag til planløsning og organiseringa av byromma.

Konkrete forslag til gjenbruk:

- Taket over venteplass til buss yttst i Borggarden kan takast i bruk ved taxihaldeplass.
- Steinblokker av granitt får nytt bruksområde som avgrensing og sittelementer mellom grøntareal og dekke langs kaifront.
- Møblering i granitt på torget vert omplassert til Borggarden og kaiområdet
- Hvilan stålrøysbenkar som idag er raudmalte rehabiliterast og vert fargesett etter ein overordna fargepalett til byromma.
- Bygolvet i Leirvik sentrum består av fleire ulike typar overflater, der det er mogleg å bruke materiala på nytt ved endring av bygolv. I tillegg er det mogleg å skaffe gjenbruksmaterialer frå andre stader og byar. Det er tenkt at Torget og Borggarden vert eitt samla byrom som vert knytt saman med eit bygolv samansett av gjenbruksmaterialer. Utforming og mønster på dette vert fastsett i detaljprosjekteringa.





## Overordna designgrep

### Sirkelen

For å spele vidare på den eksisterande utforminga i sentrum og knyte byromma enno sterkare saman byggjer byromsstrategien vidare på dei sirkulære strukturane som ein kan sjå fleire stader i byen idag. Desse sirklane viser seg td. i bygolv og danner soner for sitteplassar og aktivitet, samt som fotavtrykket til "Den høgreiste", paviljongen på Torget og rundkøyringane i Borggarden og nedst i Osen. Organiske sirkulære former i bygolv er med på dele opp i ulike sonar, samtidig som dei visuelt knyter heile området saman med eitt samstemt uttrykk.

### Møblering

Møbleringa og materialval i dagens byrom framstår som noko tilfeldig og prega av mangel på ein heilskapleg plan og tilrettelegging over tid. Mykje av eksisterande møbleringselement har gode kvalitetar og design, som kan løftast fram gjennom ei betre plassering i byromma. I dag er ulike element spreidd utover, ofte på line, og brukt som avgrensing mellom ulike sonar og arealbruk. Ved å i større grad samle dei ulike møbleringselementa i klynger, og kombinere møblar, planter og bygolv på ein ny måte vil det skapast attraktive og lune møtestader. Heller færre, men gode målpunkt, enn mange små av ringare kvalitet.

### Grøne strukturar

Det er idag få grønne strukturar knytt til byromma i sentrum, og der det er permanent beplantning verker desse ofte som barrier i byromma, meir enn at dei tilfører trivsel. Det bør vere eit mål at grønne strukturar knyter seg tettare opp imot det harde bygolv. Dette kan td. gjerast med glidande overgangar og fragmentering av belegg og grøntstruktur.

Fjerning av parkdraget ved Ritlandtomta fører til behov for ei ny grøn lunge i sentrum. Det vert føreslått parkareal lokalisert på kaien og yttst i Borggarden mot kommande miljøgate. Det nye parkarealet på kaien vil knyte saman byromma i sentrum med havnefronten, medan parken i Borggarden vil verke skjermende mot trafikkstøy og vere del av innramminga rundt Borggarden.

### Blomsterpaviljong

Paviljongen på tusenårsstaden framstår i dag som litt gold og open. Den er for liten til utstrakt bruk som scene eller sittjeplass for mange. Denne kan omgjerdast og forfinast til blomsepaviljong med ein kombinasjon av vintergrønne plantar og sommarblomar som vil gjere området fint heile året. Her vil vere ein naturleg stad for ei markering av Stord kommune sitt vennskap med Comalapa.

### Sokkelbed

I byromma og langsetter fertselsårer i sentrum finn me ein god del etablerte lindetre som i sommarhalvåret vert grønne tilskudd i bybiletet. Likevel har desse trea med bladverket fleire meter over bakken dels begrensa påverknad på sjølve bygolv og opplevinga av noko grønt på nært hald. Ved å tilføre runde plantebed rundt stammene vert desse trea og strukturane meir aktive i byrommet. Ved beplantning med vintergrønt i beda, vil dei også bidra til trivsel i vinterhalvåret.

### Planteplan

Det bør utarbeidast ein helskapleg planteplan for Leirvik sentrum. Ein slik plan vil effektivisere drifta til grøntavdelinga og gjere det lettare å gjennomføre nye prosjekter frametter. Dette vil og knyte byromma visuelt saman.

Prinsippet med møblering i klynger bør også vere gjeldande for grønne strukturar som sommarblomar, tre og planter.




## Lyssetting

Byromma i Leirvik sentrum bør vere lyssett på ein slik måte at dei vert oppfatta som tilgjengelege, attraktive og trygge gjennom heile døgeret. Lyssettinga må tilfredstille funksjonelle behov mht. personleg tryggleik, framkomelegheit og komfort for alle brukarar.

Ei aktiv lyssetting kan brukast for å fremje design og utforming, og kan også vera eit kunstverk i seg sjølv. Lyssetting av både horisontale og vertikale flater, samt lyssetting av ulike byggeri og installasjonar vil framheve byromma.

Lyssetting må vere ein del av detaljprosjekteringa for sentrum. Det bør velgjast armaturer og lyssettingsutstyr med estetisk god utforming og eit samanhengjande uttrykk og fargebruk.



## Material- og fargepalett

Det er viktig med eit samanhengande formspråk, og ein medviten bruk av material og fargar. Sentrum er i dag prega av mykje asfalt og stein, som utgjer mørke og grå flater. Bruk av ein varm fargepalett vil tilføra liv og varme til byromma.

Det er naturleg å fastsette fargepaletten endeleg i samband med detaljprosjektering.

# MOBILITET

BYROMMA PRIORITERT FOR MJUKE TRAFIKANTAR

TORGBAKKEN VERT DELVIS STENGD

NY BUSSTASJON

SENTRUMSBUSSAR

REDUSERE OVERFLATEPARKERING

GATETUN

## Mjuke trafikantar

Byromma skal leggjast til rette for mjuke trafikantar, gåande og syklande. Det handlar om trasear, ledelinjer, materialbruk og prioritet. Torgbakken og området framom Rådhuset og torget er i dag bilbasert. Det vert lagt opp til å stenge Torgbakken ved Hagerupshuset for ålmenn bilferdsel. Tor-garealet som det nye arealet representerer vil vera på dei mjuke trafikantane sine premiss. Nye gang- og sykkeltrasear gjennom Borggarden, over Torget og ned til kaien må detaljerast i sam-band med realisering av større tiltak.

## Kollektivtilbod

Bussterminalen skal flyttast frå kaien til Bandadalsplassen. Realisering er naturleg i samband med ny miljøgate gjennom sentrum. Den nye bussterminalen må sikrast god kontakt med Borggarden. Leirvik som kollektivknutepunkt i regionen må sikre kontakt med hamna og båttrafikk. Ei busslomme langs ny park på kaien vil sikre universell tilkomst til kollektivtilbodet frå hamna.

## Sjølvgåande (autonome) bussar på grønt drivstoff

Kva om me fekk sjølvgåande bybussar på biogass som gjekk i sløyfe i nære sentrumsområder? Teknologien finnest, og det er mogleg å gå i gang med eit pilotprosjekt som planlegg og testar ut ei slik løysing. Stord og Fitjar kommune har allereie søkt midlar til utgreiing av ringbuss på biogass i samarbeid med Renevo og Høgskulen på Vestlandet. Ein sjølvgåande buss i sentrum må sjølv-sagt koplast på ei ringbuss-løysing som skal dekke ein større del av kommunen.

## Varelevering og tilkomst

Ved stenging av Torgbakken og styrka samankopling av Borggarden og Torget, må det sikrast gode løysingar for varelevering og tilkomst til mellombelse parkeringsplassar bak Stautlandgården/ved Stord Helsepark. Torgområdet må opparbeidast som gatetun der avgrensa køyring kan tillast. Konkrete løysingar må finnast i samband med detaljprosjektering av området.

## Parkering

Ein konsekvens av ei prioritering av torgdanning og byrom på mjuke trafikantar sine premiss, er at det er fjerna ein del parkeringsplassar i framlegg til ny byromsstrategi. Dette gjeld offentlege parkeringsplassar framom Rådhuset/torget, i Torgbakken, og på torget nord. Gjeldande reguleringsplan legg til rette for eit større parkeringsareal under torget. Nye vurderingar legg eit parkeringshus i dagen ved ny bussterminal i løypa. Dette er enno saker i prosess. Ny byroms-strategi føreslår eit "enkelt" byggeri på torget, som ikkje vil vere til stort hinder for ei løysing med parkering under Torget om dette skulle verte aktuelt att i framtida.

## Parkeringsapp - delingskultur

Korleis kan vi oppretthalde antalet plassar, samtidig som vi reduserer arealet til parkering i sentrum? Kva om me deler på parkeringsplassar, både offentlege og private, på ein annan måte enn i dag? Parkeringsplassar tilknytta private bedrifter og offentlege arbeidsplassar kan etter arbeidstid fristillast til bruk for alle. Kva med å leige ut ditt private parkeringsareal når du ikkje treng det sjølv? Det er utvikla ein app som fremjer nye parkeringsløysingar med fokus på delingsøkonomi (ImP), som kan styre ei slik ordning med parkeringsdeling.

## Ladestasjonar

Byggeri på torget og på kaien bør tilretteleggast med alternative energikjelder. td. solceller på tak, og slik vere sjølvforsynte med straum til drift av serviceanlegg og torghandel, til lys og varmeelement, til lading av mobiltelefonar, sykklar og bilar.





# MØTEPLASSAR

SITTEPLASSAR

AKTIVITETAR

ATTRAKSJONAR

ARRANGEMENT

## Sitteplassar

Det skal opprettast fleire ulike soner med sitteplassar og aktivitetar i alle byromma. Det vert viktig at dei ulike sonene er tilgjengeleg for alle og at det er tilrettelagt for bruk gjennom heile døgeret ved lyssetting.

Sitteelement grupperast i klynger saman med beplantningselement. Dette gir le og skjerming, som igjen skaper intime sittedsoner i kontrast til dei store og opne torg- og parkareala. Nokre stader vil det vere lagt til rette med tak og skjerming rundt sitteplassar.

Det skal leggjast til rette for ulike typer sitteplasser. Det kan vere "formelle" benkar eller fleirbruk-sininstallasjonar som både kan brukast som sitteplass og for leik. Installasjonar som fungerer både som møbel og skulptur vil bidra til å gjere byromma meir interessante og levande. Gjennom samarbeid med lokale aktørar, kunstnarar, leverandørar og studentar kan ein utvikle eit prosjekt med mål om å designe og lage møblelement som skal plasserast ulike stader i byen.

## Aktivitetar og attraksjonar

Det vert lagt til rette for ulike aktivitetar og attraksjonar i byromma. Desse skal skape trivsel og folkeliv, og igjen ha ringverknader for handelsstanden. Samstundes vil det ved tilrettelegging for ulike attraksjonar i umiddelbar nærleik til byromma føre til aukande folkeliv.


Aktivitetar:


- Leik i apparat og på installasjonar
- Treningsapparat
- Petanque
- Vasspeil tilrettelagt for interaksjon
- Torghandel
- Serveringsboder
- Handels- og serveringstilbod i direkte tilknytnad (td. kiosk)

## Arrangement

Det vert lagt til rette for at store arrangement som 17.mai-feiring, Handballfestival, Folkehelsedagane, marknadsdagar og konsertar skal kunne arrangerast på Torget /Borggarden. Det kan settast opp stor scene i Borggarden vendt mot Borggata, eller inne på torget ved bankbygget, henvendt mot Torgbakken. Det vil vere mogleg å bruke taket på nye struktur som ein mindre scene, og det vert laga til eit lite trappeamfi i nytt landskap på kaien.

Det er avsett areal i nordre del av Torget for oppsetting av revytelt sommarstid. Det kan leggjast opp til at revyteltet kan bruke fasilitetar og deler av byggeriet på Torget i tilknytning til sine arrangement. Resten av året kan dette arealet tilretteleggjast for ulike aktivitetar eller til parkering td. for bilar tilknytta torghandelen.





**TORGET**  
+  
**BORGGARDEN**

**KRYSNINGSPUNKT**

**HANDELSTORG**

**HISTORIE OG TRADISJON**

**ARBEIDSPlassAR I SENTRUM**

**AKTIVITET I SENTRUM**



## TORGET

Torget bør vere ein attraktiv destinasjon i seg sjølv, samt ein stad for små og store arrangement.

### Byggeri på Torget

Det vert tilført ein struktur på torget som skal fasilitere torghandel, salgsboder, servicebygg med toalett, samt l agerbod og sykkelparkering. Dette er eit tak med fleksibel bruk og mogleik for å komme opp på taket for bruk som td. scene. Strukturen vil gi skjerming mot klima og avgrense og definere byrommet.

Takkonstruksjonen og servicebygget utføres i samme overflatemateriale / farge, og er så kledd med trespilekledning rundt. Spilekledningen vert trekt ned til bygolvet fleire stader og skaper dermed skjerming samt bakvegg for torgbodar. Det vert viktig for byrommet at den nye strukturen og bygolvet rundt vert opplyst med aktiv lyssetting. Takflata på det nye byggeriet kan vere ei blanding av sedum, solceller og tredekke der det skal vere gangbart.

### Torghandel

Torghandelen vert verande på Torget og vil få gode fasilitetar med ein ny takstruktur.

### Møteplassar

Sittegrupper vert tilført i klynger saman med blomsterkassar og markering i bygolvet. "Den høgreiste" vil verte styrka som møteplass ved at området får fleire sitteplasser.

Sparebanken Vest har eit pågåande prosjekt på sitte- og leikestruktur under trekka mot bankbygget, som vil gi fleire flotte og dels intime/skjerma møteplassar.

### Blomsterpaviljong

Paviljongen vert omgjort til blomsterpaviljong med sirkelforma benk og markering av venskapet mellom Stord kommune og Comalapa. Ein kombinasjon av vintergrøne planter og sommarblomar gjer området fint heile året. Paviljongen kan plasserast i tilknytning til denne.

### Sirklar og grøne strukturar

Sokkelbed rundt dei eksisterande lindetrea og sirkelforma benkar i tilknytning til desse skaper nærleik til grønt i byromma. I tillegg kan det skjærast ut sirkalar i asfalten som erstat-tast med belegningsstein for å markere ei sone, eller armert gras som er med å dele opp det store byrommet i mindre bitar.



**BORGGARDEN**

Busshaldeplassen samt deler av rundkøyringa i Borggata vert teken inn i Borggarden. Ved at Torgbakken vert stengd ved Hagerupshuset er det lagt til rette for eit gatetun i overgangen der Borggarden møter Borggata og Torget. Her vil eit nytt bygolv knyte saman byromma.

Borggarden får med eit nytt program mange aktivitetar og nye møteplassar

**Vannspeil** med rom for interaksjon/leik

**Sitjeplasser i grupper med tak**

**Park mot miljøgata**

Omplassering av eksisterande grøne planter kan saman med ny vegetasjon brukast i dette området.

**Leikeområde** med mjukt falldekke.

**Arbeidermonumentet** vert ståande men får ny "innramming" med beplanting rundt på bakkeplan.

**Hagerupshuset** – perla i byen.

Dette gamle huset og den tilhøyrande hagen ahr stort potensiale. Hagen kan omgjerast med ny beplanting og gjerast tilgjengeleg for fleire med skiferplattung (gjenbruk) og sittegrupper og ein pergolastruktur. Ved å utvide den eksisterande trappa vil denne hagen knytast sterkare saman med resten av byen.















## KAIEN

Heile området vert oppretta som aktivitetspark i kontakt med havnebassenget med store grønne strukturar og ein kaifront som legg seg ned i fleire nivå mot vasskorpa.

Aktivitetar og attraksjonar skal vere for alle aldersgrupper.

## Leikeplass for born

## Petanquebane

## Grusa område som kan brukast fleksibelt

## Aktivitetsaparater / treningsapparat

## Servicebygg

I tilknytning til busshaldeplass etablerast det servicebygg med venteareal under tak, toalett, lagerbod og eit tak med plass for hengjande benker.

## Busslomme langs vegen

## Armert gras

Areal for fleksibel bruk som toler mykje. Her kan det td. settjast opp boder, telt, scene mm.



**Trappeamfi** i nytt konstruert terreng som skjermer parken frå bilvegen







## VEGEN FRAMOVER



### KORTE LØP

#### Ny sitteplass på torget

Kan gjennomførast våren 2021. Gjenbruk av møblar i ny drakt. Maling av asfaltdekke for å ramme inn plassen, og gi eit hint av ny byromsstrategi ift design.

#### Paviljongen i ny blomsterprakt

Kan gjennomførast våren 2021. Skape eit bugnande og blomstrande miljø rundt tusenårsstaden, som i dag framstår som litt gold og open. Ein kombinasjon av vintergrøne planter og sommarblomar gjer området fint heile året, og det må tilretteleggjast med sitjeplassar. Paviljongen er for liten til utstrakt bruk som scene eller sitjeplass for mange.

#### Sitjeplassar under trekka på torget

Sparebanken Vest ønskjer å bidra til å revitalisere området mot torget føre sparebankbygget. Trekkka skal behaldast, men nye sitjeplassar i spanande design på eksisterande murarkantar vil forfine og gjere området meir attraktivt. Det er ønskjeleg med oppstart så snart som mogleg.

#### Møbelprosjekt

Installasjonar som fungerer både som møbel og skulptur vil bidra til å gjere byromma meir interessante og levande. Utvikle eit prosjekt med mål om å designe og lage møblement som skal plasserast ulike stader i byen.

#### Hagerupshuset

perla i byen. Den nye rosehagen. Invitera inn i hagen. Gjenbruk av skiferplattung, pergola. Open trapp som amfi mot gatenivå.

#### Bybussar

Pilotprosjekt for utonome bybussar på td. biogass.



## LITT LENGRE LØP

● **Detaljprosjektering av nytt bygolv og utforming av Torget og Borggarden**

● **Planteplan**

● Utarbeide eigen plan for grønstruktur og beplantning i sentrum

● **Byggeri på torget**

● Etablere takkonstruksjonen og servicebygget, samt omstrukturere torghandelen

● **Stenge av Torgbakken ved Hagerupshuset**

● **Borggarden, del 1**

● Etablering av delar av Borggarden

● **Rundingen på kaien**

● Reduksjon av rundkøyringa og etablering av nye gangsoner, mogleg samkøyring med etablering av hotell

● **Test av parkeringsapp**

## LANGE LØP

● **Flytte busstasjonen**

● Ny bussterminal og parkeringshus på Ritlandtomta

● **Miljøgate**

● Etablering av miljøgate gjennom sentrum

● **Borggarden, del 2**

● Etablering av siste del av Borggarden mot ny miljøgate og bussterminal

● **Aktivitetspark på kaien**

● Etablering av park- og aktivitetsområde på kaien og bryggekant mot sjøfronten

